



HOYANG
LAMPA UB

Høyanger VGS

ELEKTRO OG DATATEKNOLOGI VG1

2024

Ansvarleg lærar:

Ståle Walsvik

Mentor:

Stig Hovlandsdal Øvreås, Tellmedia

Kontakt person:

**Andrè Søreide
960 41 545**

Innhaldsfortegnelse

- 1** Framside
- 2** Innhaldsfortegnelse
- 3** Bedriftsintroduksjon
- 4** Bedriftsdeltakarar
- 5** Etterspurnad, Praktisk bruk, Framtidsutsiktene til bedifta
- 6** Nyskapande, Berekraft, FNs berekraftsmål,
- 7** Samarbeid med næringsliv, Marknadsføring
- 8** Marknadsføring, Erfaring og kompetanse
- 9** Verdiar i bedifta, Økonomi
- 10** Økonomi, Læringsutbytte

Bedriftsintroduksjon

HoyangLampa UB er ei ungdomsbedrift frå Høyanger vidaregåande skule. Bedrifta består av 12 elevar frå Vg1 elektro og dатateknologi. Ungdomsbedrifta vår driv med produksjon av lamper, der vi har kalla produktet vårt HoyangLampa! Lampene har vi designa sjølv, og vi brukar utstyr tilgjengeleg på skulen for å produsere dei. Programmet vi har brukt for designet av lampene er Autodesk-Fusion360. Sjølv designet på lampeskjermen er inspirert av kommunevåpenet til Høyanger kommune, og industrien i Høyanger. Eit industrielt design med ein moderne twist. Lampene blir skore ut som eit byggesett i miljøvennlege MDF-plater. For å skjere ut desse byggesettha har vi ein laserkutter. Laserkuttaren er stasjonert i Reodorgarasjen på skulen. Reodorgarasjen er vår makerspace. Lampene sel vi til lokalbefolkinga i Høyanger.



Prisliste

Taklampe utan lakk	850 kr
Taklampe med lakk	1000 kr
Bordlampe utan lakk	1100 kr
Bordlampe med lakk	1250 kr
Bordlampe med lakk, og RGB lyspære	1350 kr
Bordlampe utan lakk, og RGB lyspære	1250 kr
Stor taklampe	3495 kr



Bedriftsdeltakarar



Dagleg leiar André Søreide er ansvarleg for alt som oppstår i bedrifta. Han delegerer oppgåvene til dei andre i bedrifta, og har overblikk over alt som skjer. Han har ansvar for at bedrifta går rundt økonomisk, og har ei positiv utvikling.



Økonomiansvarleg Marcus Sneve har ansvar for alt det økonomiske i bedrifta. Marcus held orden i rekneskapen, med alt av utgifter og inntekter. Økonomiansvarleg kan ta store avgjersler fordi han har signaturrett. Det gjer Marcus og Andre ofte saman. Marcus held styr på den økonomiske situasjonen til bedrifta, og informerer dagleg leiar om korleis økonomien er.



Marknadsføringansvarleg i bedrifta vår er Sualp Bayar. I tillegg er han hovudansvarleg for alt av sosiale medium til HoyangLampa UB. Sualp mottar bestillingar på sosiale medium, og tenker ut nye idear til marknadsføringa. Han legg ut oppdateringar om bedrifta og produkta vi sel på Instagram og Facebook. Sualp si oppgåve i bedrifta er viktig for å oppretthalde etterspørselen til produktet.



It-ansvarleg i bedrifta er Are Dale Eide han er ansvarleg for nettsida vår. Det er ikkje så mykje it-arbeid, så Are er altmoglegmann, og hjelper til med produksjonen av lamper, eller kjem med idear til innlegg på sosiale medium.



Produksjonsansvarleg i bedrifta er Sigve Dale. Han har kontroll på at alle bestillingar blir produserte, og at folk får lampene sine. Han har hovudansvar for Reodorgarasjen, som er produksjonsområdet vårt. Sigve har kompetanse på lakering av lamper, og bruk av laserkutteren. Sigve si hovudoppgåve er å produsere lamper.



Bærekraftigsansvarleg i bedrifta er Vilma Gøthe. I tillegg til bærekraft hjelper Vilma ofte til med marknadsføring og produksjon av lamper. .



Personalansvarleg i bedrifta er Ariell Fredriksen. Ho passar på at det blir brukt fint språk i bedrifta, og at vi behandler kvarandre med respekt. God kommunikasjon er viktig i bedrifta, derfor er Ariell også ansvarleg for det. Ariell hjelper også til med produksjon av lamper og diverse.



Salssjef i bedrifta er Eirik Dale Salbu. Hovudoppgåva hans er å produsere lamper. Sidan han har mykje kompetanse på laserkutteren, jobbar han mest med produksjonen. Han har ansvar for at vi får selt lamper, og har god kundekommunikasjon.


Medarbeidarar i bedrifta er Brita Kolsrud, Heine Kvamme, Alexander Friborg, og Anders Stensæter. Dei hjelper litt til der det trengst.

Etterspurnad

01

Entreprenørskapsdagen

Vi presenterte ideen om bedrifta vår på entreprenørskapsdagen ved Høyanger vgs i september. Der fekk vi så god respons at vi ville opprette ei ungdomsbedrift basert på ideen om HoyangLampa.



Marknadsundersøking

Ut i frå ein marknadsundersøking vi i HoyangLampa UB gjorde hadde 8 av 10 hørt om bedrifta. Vi spurde folk kva dei tykte om produkta våre. Her fekk vi positiv respons. Folk tykte at lampene var rettferdig prissatt, og at dei kunne vurdert å kjøpt

02

Julemesse Høyanger

På julemessa i Høyanger hadde vi stand. På standen viste vi fram prototyper av lampene våre i håp om at folk vart interesserte, og det vart dei. På julemessa fekk vi 12 bestillingar. Da vi skjønte at det var stor etterspurnad etter lampene, begynte vi å produsere.

Praktisk bruk

Det heile starta med at vi designa lampeskjermen på Fusion360. Deretter laga vi ein prototype for å sjå om lampeskjermen sto til forventning. Det gjorde den! Utifrå dette laga vi fleire typar lamper. I dag produserer vi taklamper og bordlamper. Framover har vi mål om å utvikle ei større taklampe, noko som vi er på god veg til. Vi har allereie laga fleire prototypar. Sidan vi sel forskjellige typar lamper, kan ein bruke dei på forskjellige måtar. Dei forskjellige lampene gir kundane moglegheit til å bestemme litt sjølv etter behovet deira. Taklampene vi sel i dag er relativt små, slik at dei passar fint i vindaugekarmen. Bordlampene er perfekte for nattbordet eller lesekroken. Dei store taklampene vert designa for å passe perfekt inn i stova eller kjøkkenet eller eit næringsbygg.


Framtidsutsiktene til bedrifta

Vi i HoyangLampa UB ser lyst på framtida. HoyangLampa UB er no i gang med å lage vår første aluminiumslampe. Vi driv også med vidare utvikling av design til lamper. Planen er å konstruere lamper basert på lokasjon. For eksempel SogneLampa, SunnfjordLampa, VestlandsLampa, NorgesLampa osv. Det her vil vi gjere for å auke salsområda til vår bedrift. HoyangLampa UB spelar på kunden sin kjensle kring lokasjonar.



Nyskapande

Produkta til HoyangLampa UB har eit innovativt design. Designet er nyskapande og laga av bedriftsdeltakarane. Eit slikt design finn ein ikkje andre plassar enn hos HoyangLampa UB. Lamper i seg sjølv har eksistert i fleire hundreår, men det som gjer HoyangLampene spesielle er designet. Dei er laga frå grunnen av, på ein kreativ og unik måte slik at dei skal skilje seg ut. HoyangLampa UB sitt lampe design er inspirert av kommunevåpenet til Høyanger. Vi blei ikkje berre inspirert av kommunevåpenet til Høyanger, men også industrien. Derfor har lampa eit industriellt design, men med ein moderne tvist.



Berekraft

I HoyangLampa UB tar vi berekraft seriøst. Det er eit viktig tema for oss, og noko vi prioriterer. Lampeskjermane er konstruert av miljøvennlege MDF-plater. Platene er produsert av resirkulert treavfall, pressa saman for å bli plater. Vi bruker gammalt avfall og gjer det om til noko nytt. I bedrifta vår prøvar vi å bruke minst mogleg "nytt", men heller utnytte og bruke om att. Derfor hentar vi brukt emballasje fra bedrifter rundt om i Høyanger. Emballasjen blir brukt når vi skal pakke inn lampene før levering. Fordelen med dette er at vi brukar papp-emballasje om igjen, i staden for at bedriftene hiver det. Her sparar vi ikkje berre miljøet, men også lommeboka.

FNs berekraftsmål

Forretningsideen vår passar med FNs berekraftsmål. Eit av FN sine berekraftsmål er "livet på land", som er mål 15. Det inneber å sikre berekraftig skogforvalting. HoyangLampa UB passar inn i dette berekraftsmålet, fordi vi brukar resirkulert skogsmateriale. I staden for å bruke "nytt" materiale som øydelegg naturen, brukar vi heller det gamle om igjen. FN har også som mål å stoppe klimaendringar. Dertor gjer vi i HoyangLampa UB alt vi kan for å minimalisere utsleppa våre. For å oppnå dette hentar vi emballasjen til lampene våre hos lokale bedrifter. Dette sparar miljøet, fordi vi bruker om igjen gamle pappboksar og gammal isopor. Gjenbruk er viktig for oss i HoyangLampa UB.



Samarbeid med næringsliv

HoyangLampa UB har samarbeidt mykje med Tellmedia. Tellmedia er ei bedrift her i Høyanger, som mentoren vår Stig Øvreås jobbar i. Saman med Tellmedia har vi produsert ein videopitch, som vi brukte på fylkesmeisterskapen og som vi har lagt ut på sosiale medium. Videopitchen lagde vi sjølve, men Øvreås hjelpte oss med kamera og lyd. Vi har også samarbeidd med avisa Ytre Sogn, der vi blant anna har vore på intervju. Ytre Sogn har publisert fleire saker om HoyangLampa UB. Dette har vi gjort for å få meir merksemd i Høyanger, slik at vi når ut til fleire kundar.



Marknadsføring


Vi i HoyangLampa har implementert ein omfattande marknadsføringsstrategi for å gjere oss meir synlege, og auke interessa for bedrifta vår. Dette inkluderer oppretting av Facebook- og Instagram-kontoar, der vi delar både prosessen bak produkta våre og engasjerande innhald for å vekke interesse hos eit breiare publikum. Målgruppa vår er lokale innbyggjarar, der vi ønskjer å nå ut til flest moglege folk som har interesse for lampene våre. Dei fleste av kundane er i aldersgruppa 40–60 år, men vi har både yngre og eldre kundar.

I tillegg har vi gjort bruk av tradisjonelle marknadsføringsmetoder ved å plassere plakatar med kontaktinformasjon og bilete rundt i Høyanger sentrum og andre område i kommunen. Dette er spesielt retta mot dei som ikkje er aktive på sosiale medium, for å sikre at vi når ut til eit variert publikum.

For desse kundane har vi også stått på julemarknad i Høyanger, som verkeleg sette fyr på sal. Dette gjorde at fleire fekk vite om bedrifta vår, og dei fekk sjå kor fint produktet er.

For å tilby ein praktisk og tilgjengeleg plattform for kundane våre, har vi utvikla ei nettside. Her kan interesserte besøkande sjå produktutvalet og enkelt legge inn bestillingar.

Vi i HoyangLampa har ein mentor i Tell Media, Stig Øvreås. Han har vore til stor hjelp for bedrifta. Han har hjelpt til med videopitchen, der han viste oss korleis vi kunne utforme ideen vår, med lyd og kvalitet på videoen, og annonsering i avisa Ytre Sogn for å verte meir synleg og eksponert i kommunen. Vi har også blitt filma av Sparebanken Sogn og Fjordane. Dei har publisert videoen på nettside deira, som gav bedrifta enda meir popularitet.



Vi publiserte ein eigen videopitch på Instagram- og Facebook-kontoen vår, som fekk over 1500 visningar på Instagram og over 800 visningar på Facebook. Vi vann også beste videopitch i Fylkesmeisterskapen. Dette viser at videopitchen var veldig bra, og skapte interesse for produkta og bedriftera vår.

Kompetanse og erfaring

Vi som jobbar i HoyangLampa UB har fått mykje erfaring med lampeproduksjon. I dag har vi produsert over 40 lamper. Produksjonsansvarleg Sigve Dale og salssjef Eirik Salbu har blitt lært opp med laserkutteren, som er hovuddelen av produksjonen vår. For å utvikle bedriften vidare har alle deltakarane riktig kompetanse. Vi jobbar saman med designutvikling for å konstruere nye lamper. Alle i bedriften har god kompetanse innanfor design. Arbeidet med design gjer vi på Fusion360, og der delar vi idear med kvarandre. Det er viktig for oss å utvikle nye design slik at vi kan nå ut til fleire kundar. Slik kan vi oppretthalde etterspørselen etter produkta våre. Vi jobbar bra som eit team, og saman står vi på for å drive bedriften vidare.

Sparebanken Sogn og Fjordane er samme
22. februar ·

Aldri før har det vore så mange ungdomsbodrifter. UB, LaserDesign UB og Kreative Spørre UB er tre i




Høyanglampa UB
Høyanger vgs

Ytre Sogn
16. februar ·

Smart design og miljøvennlege material er ein suksessfull kombo for Høyanglampa UB.



YTRESOGN.NO
(+.) Lagar framtidsretta lamper med historiske røter
Høyanglampa UB kombinerer eit smart design med miljøvennlege material. Det ...



Verdiar i bedrifa

Verdiane i bedrifa er ikkje nødvendigvis berre økonomiske. Økonomien i bedrifa er god og vi har hatt mykje sal. Grunnen til dette er nok dei andre verdiane bedrifa har. For oss i HoyangLampa UB er ikkje pengane det viktigaste. Det som er viktig for oss er kva kunden opplever, og at kunden blir nøgd. Vi har eit vakkert produkt, der målet vårt er at alle kan ha moglegheita til å pynte opp heimen sin. Produktet vårt bidrar til berekraft, noko som gir sjølve lampene ein eigen verdi. HoyangLampa har også ein stor sosial verdi. Produkta våre bidrar til å skape ei tilknyting til bygda Høyanger. Måten produkta våre blir knytt til Høyanger er via designet vårt, og namnet til bedrifa. Lampene våre skal representere Høyanger. Designet er inspirert av kommunevåpenet til Høyanger. Namnet HoyangLampa gir ei eiga tilknyting til Høyanger, fordi vi ikkje berre representerer Høyanger med designet, men også med bedrifa sitt namn. Dette gir ei identitetskjensle og stoltheit over Høyanger. Det skapar ein stor sosial verdi for folka i Høyanger, og oss i HoyangLampa UB.

Økonomi

Økonomiske nøkkeltall for HoyangLampa UB

I HoyangLampa UB har vi brukt Fiken til å føre rekneskapen vårt. Etter å ha selt over 40 lamper og hatt over 25 førehandsbestillingar, er det viktig for oss å ha god kontroll på økonomien for å kunne styre og utvikle bedrifa vår betre.

Omsetning og lønsemnd

Ved hjelp av Fiken har vi funne ut at vi tener pengar på å lage og selje lampene våre. Dette er svært bra for oss, og det motiverer oss til å halde fram med å utvikle og forbetre produkta våre. Vi har også brukt denne informasjonen til å utvikle bedrifa.

Startkapital

Då vi starta opp bedrifa, måtte vi skaffe oss startkapital. Heldigvis fekk vi tilgang til eit produksjonslokale frå skulen, noko som var svært nyttig. I tillegg fekk vi førehandsbestillingar på nokre lamper, noko som gav oss den nødvendige kapitalen til å kjøpe inn materiale og produsere fleire lamper.

Driftsområder	Denne perioden
3200 Salgsområde vare, unntatt for inns	15 851,40
3210 Salgsområde egenproduserte varer, unntatt for inns	6 850,00
Sum driftsområder	22 601,40
Driftskostnader	Denne perioden
4000 Råvarer og råstoffrikna	-10 288,00
4030 Råvarer og råstoffrikna, midtveis inns-sats	-2 75,00
Sum driftskostnader	-10 464,00
Driftsresultat	Denne perioden
Sum driftsresultat	12 137,40
Finansområde og finanskostnad, ekstraordinære poster	Denne perioden
Sum finansområde og finanskostnad, ekstraordinære poster	0,00
Resultat	Denne perioden
Sum resultat	12 137,40

Resultatrekneskap for HoyangLampa UB Dato: 08.04.2024


Resultatrekneskapen viser ikkje berre at verksemda er lønsam, men gir eit betre bilet av den økonomiske situasjonen vår. Sjølv om rekneskapen viser eit overskot, er det viktig å sjå nærmare på dei ulike inntektene og utgiftene for å få ei fullstendig forståing av verksemda si lønsemnd.

Balanserapport 01.01.2024 til 09.04.2024				
Kontor	Nr.	Inngående	Utgående	
1900	HoyangLampa UB (37065738727)	0.00	12 137.40	12 137.40
	(Utklart nettresultat)	0.00	-12 137.40	-12 137.40

Balanserapporten for HoyangLampa UB per 10.04.2024 indikerer at verksemda har ein sunn økonomisk helse. Rapporten viser at verksemda ikkje slit med gjeld eller mangel på kapital. I tillegg har verksemda eit lager med følgjande varer:

3 kvite taklampe sokkel, 1 svart taklampe sokkel ,11 stk 40w lyspærer , 9 MDF-plater

Denne lagerbeholdninga tyder på at verksemda har god kontroll på varelager og produksjonskapasitet. Samla sett gir balanserapporten eit positivt bilet av den økonomiske situasjonen til HoyangLampa UB.



Læringsutbytte

Det å drive ungdomsbedrift har lært oss mykje. Vi har fått ei forståing av korleis ein driv eit firma. Vi har blitt mykje betre på å handtere kundar, og korleis vi kan gi kundane våre den beste opplevinga. Ikke minst har vi blitt betre på å ta ansvar. Vi i HoyangLampa UB brenn for det vi gjer, dette har gjort at vi har brukt mykje tid og tatt på oss ansvar for bedrifta. Vi har gjort alt vi kan for å lage vellykka produkt, noko vi har fått til. For å gjere dette har heile gjengen lagt inn mangfaldige timer. Dei forskjellige rollene har tatt med seg forskjellige eigenskapar frå tida vår som ungdomsbedrift.

Økonomiansvarleg Marcus har fått ei stor forståing for korleis ein førar rekneskap, betalar og sender faktura. Sualp, som er ansvarleg for marknadsføring, har lært meir om korleis ein kan drive vellykka marknadsføring, og korleis ein får merksemda til potensielle kundar. Han har også lært korleis ein kan halde populariteten for eit produkt gåande. Produksjonsansvarleg har lært korleis ein kan drive eit bra team, og korleis ein kan jobbe effektivt saman. Dagleg leiar har lært mykje om korleis ein driv bedrift, og korleis ein kan ta vanskelege avgjersler.

Saman har vi lært korleis vi kan jobbe godt som eit team. Ungdomsbedrifta vår har styrka forholdet i klassen, og gjort oss meir samla. Vi jobbar fantastisk saman som eit team, og dette gjer at vi kan prestere bra uansett kva oppgåver vi har føre oss.

Kontakt oss:



Telefon:
960 41 545
969 13 890



E-mail:
hoyanglampen@gmail.com



Adresse:
Einar Førdes veg 1



SCAN MEG!